

Folkelista er samansett av samfunnsengasjerte personar frå alle krinsane og heile det politiske spekteret. Vi har som mål å arbeide til det beste for Hareid kommune.

Vi skal vere eit korrektiv til det etablerte politiske systemet, og vi vil føre ein nøktern, ansvarleg politikk som ikkje lovar gull og grønne skogar til alt og alle. Vi meiner samstundes at kommunen må forvalte dei økonomiske ressursane på ein forsvarleg måte, slik at Hareid held kjem seg ut av ROBEK-lista og blir ute.

Sjølve berebjelken i programmet er at ein skal arbeide for levande, likeverdige krinsar, som ikkje på noko vis skal setjast opp mot kvarandre. Greier ein å skape levedyktige krinsar, får ein og eit sterkt, livskraftig sentrum.

Folkelista vil prioritere primæroppgåvene i kommunen. Desse skal liggje i botnen for alle økonomiske prioriteringar. Folk i krinsane skal sleppe å føle at basisfunksjonane gradvis smuldrar bort.

Vi vil arbeide for at alle innbyggjarane i kommunen skal bli høyrde. Einskildmennesket skal ikkje føle at det blir ”overkøyrd” av byråkratiet eller av det politiske systemet. Folkelista vil i samarbeid med innbyggjarane, tilsette i kommunen og andre folkevalde arbeide for ein ny politisk kurs.

For å få dette til, treng vi DI støtte til det beste for kommunen.

Nokre interne metodar:

1. Delt utval eller saksfelt litt etter interesser, og slikt delt ansvar
2. Orientert kvarandre på det som har vore veldig aktive gruppemøter måndag før kommunestyremøte, åtte-ti gongar i året
3. Vi stemmer fritt i møta, ikkje partipisk

Organisering

Mange har jo vore i politikken før, så dette blir kanskje litt reprise, men vi har hatt fem representantar, 20 prosent, og derfor vore representerte i hovudutvala – det er Levekårutvalet som handsamar saker som er regulerte av opplæring/skule og omsorg/helse som dei store områda. Så har vi hatt Næring- og miljøutvalet som har saker knytt til meir materielt gods, VAR, samfunnsutvikling, landbruk og næringsliv, jordlover og viltforvaltning og eigedom. Det er jo slik at når desse utvala handsamar mange store saker før dei kjem til formannskapet, og der er det møter ofte to gongar i månaden. Så kjem sakene til kommunestyret – og når vi har gruppemøte måndagen før, har vi hatt folk både i Levekår og i Næring- og miljø og i FSK som har vore gjennom dette og går gjennom hovudtrekka. Slik kan ein seie at når debatten kjem til kommunestyresalen har den utvikla seg litt, og det er ikkje rådmannen eller administrasjonen sitt opprinnelege vedtak ein tek stilling til, men ein annan variant som anten utvala eller formannskapet har kome fram til. Eg trur vi har vore heldige denne perioden. Folk har stemt på oss, og vi har fått nok mandat til å fylle desse rollene, og det har gjort arbeidet lettare.